

## Referat frå årsmøte i Vestafjelske Redaktørforening

Dato for møtet: 9. mars, 2013

Stad: Lokala til BA, Bergen

Desse møtte: Jan Inge Fardal (Sogn Avis), Elisabeth Netland (Vestnytt), Christian F. Stabell (Os og Fusaposten), Unni Arnøy, Vigdis Holmås og Kai Aage Pedersen, (NRK Hordaland), Roy Raasholm Fauske (NRK Sogn og Fjordane), Gard Steiro og Jan Landro (BT), Olav Bergo, Anders Nyland og Eva Johansen (BA), Thomas Anthun Nilsen (Megafon) og Nils Torsvik (FiskeribladetFiskaren)

Sak 1. Innkalling. Ingen merknader. Samrøysta godkjent.

Sak 2. Sakliste. Ingen merknader. Samrøysta godkjent.

Sak 3. Møteleiar og skrivar. Jan Inge Fardal vald som møteleiar og Nils Torsvik som skrivar.

Sak 4. Årsmelding var sendt ut til medlemene og vart gjennomgått av leiar. Det var ingen merknader til meldinga som var godteken.

Sak 5. Rekneskapen for 2012 vart utdelt og lagt fram av kasserar Nils Torsvik. Det viser ein inngående saldo på 75.295 kroner, og utgåande på 120.736 kroner. Kasseraren viste til at var 397 kroner det ikkje kan gjerast greie for i rekneskapen i 2012. Med denne merknaden var rekneskapen godteke.

Sak 6. Kasserar Nils Torsvik la fram eit forslag til budsjett for 2013 frå styret. Utfordringa i 2013 er å få utlegga til å svare til inntøystane. Det vart difor føreslege å opne for å dekke inntil 2.000 kroner av reisekostnader ved deltaking på kurs i regi av Norsk Redaktørforening. Det vart og føreslått å gje stønad til Hauststorm og Gullparaply i 2013.

Styrets forslag til budsjett vart godteke av årsmøtet.

Sak 7. Valnemnda hadde meldt forfall til årsmøtet og i deira plass la Christian Fr. Stabell fram nemndas innstilling til val.

Det vart attval med akklamasjon av leiar Jan Inge Fardal (Sogn Avis), Nils Torsvik (FiskeribladetFiskaren) som kasserar, og varamedlem Anders Nyland (BA).

Vigdis Holmaas stod ikkje på val i år og fortset i styret.

Valnemnda vart attvald, med Erling Wåge (Fjordenes Tidende) som leiar og Magne Kydland (Sunnhordland) som medlem.

Leiaren, Jan Inge Fardal, takka for tiltrua han vart vist som leiar.

Leiaren orienterte også om arbeidet med Hauststormen, der leiaren sit i programkomiteen, og til støtte som var gjeve til Gullparaplyen. Årsmøtet gav tilslutnad til at framtidige årsmøte bør vere knytt til Gullparaplyen.

Årsmøtet vart avslutta med deltaking i Gullparaplyen, på Logen i Bergen.

Før årsmøtet hadde Olav Terje Bergo innspel til NRs handlingsplan 2013–2015. Han vil at foreininga skal engasjera seg sterkare i saker som moms på digitale aviser, eigarskap, NRK-lisens, pressestøtte, digital transformasjon osv.

Olav meiner redaktørane og medieorganisasjonane ikkje har nådd fram til Storting og Regjering om verknader av moms på aviser og nyhendemedium. Noko som har medført moms på alle digitale medium på 25 prosent. – Eit einaste stor knusande nederlag, meiner Olav.

Medieorganisasjonane har heller ikkje nådd fram om pressestøtta, som etter å verte kutta, har stått stille i løyvingane på statsbudsjettet.

Olav meiner redaktørane no bør engasjere seg! Noko som òg vert etterlyst av NR-sekretariatet. Olav har nedfelt synspunkta sine i eit notat, som han vil sende Vestafjelske-medlemene.

Debatten etter Olavs innlegg stadfesta hans syn at ein ikkje når fram til politikarane med synspunkta til medieorganisasjonane. Det vart teke til orde for å mobilisere "redaktørmakta" og ta kontakt med Hordalandsbenken. Dette er ei sak redaktørane bør fronte, ikkje direktørane i mediehusa, sidan det er snakk om viktige prinsipp som moms på skrivne ord og mangfaldet i media.

Styret utarbeider uttale tilhandlingsplanen basert på dette.

Vigdis Holmaas orienterte deretter om NR Kompetanse sitt kursopplegg og om desentraliserte tilbod. – Om ein er ute i god tid, er det mogleg å få eit regionalt tilbod, men det er medlemene som må vilja det, og melde interessa, var hennar bodskap. På årsmøtet var det fleire av sjefredaktørane som sa seg interesserte i å ta del i slike regionale tilbod, og årsmøtet oppmoda til å få til eit kursopplegg

Bergen 9. mars. 2013  
Nils Torsvik